

## Søknad

Søknadsnr.	2019-0150	Søknadsår	2019	Arkivsak
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
<b>Prosjektnavn</b>	Fjordane Virtuelle Campus			

### Kort beskrivelse

Sogn og Fjordane Fylkeskommune gav i fjar tilskot til forprosjekt for Fjordane Virtuelle Campus ved Normatic as. Prosjektet var initiert av bedriftsmiljø i Nordfjord relatert til elektro/automasjon, enøk og byggfag. Utgangspunktet var at bedriftene ser eit vidare ekspansjonspotensial, men ser rekruttering/kompetanseutvikling og utviklingskapasitet som avgrensande faktorar. For å kunne vidareutvikle sine sterke posisjonar og ikkje sakke akterut vil ein no etablere FVC.

### Prosjektbeskrivelse

Bedriftene ser eit stort vekstpotensiale innanfor sine respektive forretningsområde, og vil kunne auke med ca 100 årsverk dei neste 3 åra. Ein er kjend med at fleire andre teknologibedrifter i regionen og har eit stort vekstpotensial.

Utfordringa er likevel at den teknologiske utviklinga no går så fort internasjonalt, at det er krevjande for SMB bedrifter i Distrikts-Norge å halde tritt med utviklinga. Dette fordrar at ein er i stand til å rekruttere rett kompetanse samtidig som ein kontinuerleg klarer å oppdatere eigne tilsette på utviklinga som no skjer i stor fart.

For alle type aktørar er mangelfull tverrfagleg samhandling ei stor utfordring. Dette medfører at det ofte blir dårlege løysingar som blir realisert eller at sjølve gjennomføringa er lite effektiv. Vi meiner at det i tillegg ligg eit stort potensiale i å blande kompetente personar frå ulike fagområde, som t.d. helse og IT, for å tenkje nytt på korleis ein løyser viktige utfordringar for samfunnet. Det er i slike skjeringspunkt vi skal skape nye arbeidsplassar i regionen. Vi byggjer på den kompetansen vi har i bedriftene og gjennom FVC skal vi sørge for at dette blir kryssa med komplementær kompetanse på andre område – uavhengig av lokalisering. FVC skal såleis vere ein kanal for bedrifter lokalisert på ulike stadar. FVC er ein node i eit globalt system, og bedrifter elles kan bli ein del av dette.

For å lukkast betre med rekruttering er attraktive bedriftsmiljø og bummiljø viktige. Det er derfor viktig å utvikle kompetansearbeidsplassar som gjer det attraktivt for ungdommen å etablere seg i regionen. Dette er viktig verkemiddel for å stoppe flukten av ungdom frå distrikta. Gjennom FVC vil ein kunne tilby karrierevegar frå vidaregåande, gjennom innovative bedrifter og til høgskuleutdanning. Gjennom dette løpet vil ein og kunne få høve til å jobbe i FoU prosjekt og vere knytt til ein «student campus» for talentutvikling.

For bedriftene er det viktig å utvikle dei posisjonane kvar har innanfor sine eksisterande forretningsområde. Skal ein klare dette i den raske teknologiske utviklinga, føreset det at dei er på høgde med det beste som finst i verda. I tillegg kan altså denne kompetansen brukast som grunnlag for ny forretningsutvikling i samarbeid med bedrifter innan andre fagområde. Eit døme på dette er at innan helsesektoren er det no fokus på at pasientane skal behandlast mest mogleg heime. Dette

inneber eit tettare samarbeid mellom primær- og spesialisthelsetenesta. Ved hjelp av teknologi kan ein fjernbehandle pasientar. E-helse er såleis iferd med å bli eit av dei store nasjonale satsingsområda. Korleis kan bedriftsmiljø i regionen med høg kompetanse på digitalisering av ulike arbeidsprosessar nytte dette og inn på området som helse? Dette kan vere eit område for utviklingsarbeid gjennom FVC, og som vil måtte skje i samarbeid med kommune og Helse Førde.

Sett frå nasjonale og internasjonale FoU aktørar så treng dei relevante bedrifter til å vere med å gjennomføre demo-prosjekt i ulike land. Dei har behov for bedrifter som kan implementere nyutvikla løysingar og som kan å tenke innovativt i utføringa (dyktige handverkarar).

Korleis vil undervisning på vidaregåande skular og høgskular skje i framtida? På kva måte vil den digitale revolusjonen endre sjølve læringsarenaen? Vi ser for oss at det blir meir av «virtuelle» klasserom. Dette inneber at ein kan ta del i dette uavhengig av lokalisering. FVC skal vere ein plass der ein kan skreddarsy kurspakkar og utdanningsløp til den enkelte.

FVC vil omfattar både ein «virtuell og fysisk campus» der bedrifter får tilgang kompetanseutvikling på ulike nivå – frå kurstilbod høgare utdanning. Vidare vil det vere eit nav for utviklingsaktivitetar for enkeltbedrifter og for felles tiltak.

I forprosjektet har både den vidaregåande skulen og Fagskulen i Sogn og Fjordane vore sterkt involvert. Desse ser dette som ein moglegheit til eit enda tettare samarbeid med næringslivet. FVC vil og gje utdanningsinstitusjonane lettare tilgang på teknologi som bedrifter nyttar i si verksemd, og vil såleis gjere undervisninga meir relevant for elevane. Dette vil skje gjennom ein felles lab som både bedrifter og undervisning skal ha tilgang til.

Som del av forprosjektet er det og kome fram behov frå behov for deltidsstudie innan automasjon og elkraft. Dette vil ein og realisere som del av desse planane. Denne konkrete delen kan realiserast allereie frå komande skulehaust.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Nordfjordeid Næringshage AS Org.nr:982743397	Øyane 11 6770 NORDFJORDEID	91702150
Kontakt-person	Trond Haavik	Øyane 11 6770 NORDFJORDEID	90898370
Prosjekt-leder	Trond Haavik	- 6770 NORDFJORDEID	90898370

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Forprosjektet fekk offentleg støtte frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune på kr. 580.000,- og frå Nordfjordrådet på kr. 150.000,-

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Søknaden gjeld realiseringa av FVC, dvs som eit hovudprosjekt etter at forprosjektet no er fullført.

Korleis kan sterke bedrifter lokalisert lengt frå dei store byane, og som har stort vekstpotensiale klare å halde tritt med den raske teknologiske utviklinga? Trenden med aukande urbanisering medfører at bedriftene har ein lekkasje av medarbeidarar som etter fullført fagbrev flyttar til byar for å ta vidare utdanning. Samtidig opplever bedriftene at det er vanskeleg å rekruttere personar tilbake til fylket. Dette harmonerer og med statistikk frå Telemarksforsking; fire av fem som tek utdanning i fylket blir verande her, mens av dei som reiser ut kjem kun ein av fem tilbake.

Midt i denne utfordringa må bedriftene forholde seg til ei rask utvikling dreve av digitalisering. Sjølv om bedriftene i dag ligg langt framme med innovative løysingar, er det krevjande å halde tritt med utviklinga for å fortsatt ligge i front.

Dette er utgangspunktet for at bedrifter med utgangspunkt i elektro/automasjons-miljøet, enøk og byggfag i Nordfjord starta eit forprosjekt for å sjå korleis ein i fellesskap kunne møte desse utfordringane. Forprosjektet er finansiert av initiativtakarane sjølve saman med Fylkeskommunen og Nordfjordrådet.

Bedriftene ser at det er nødvendig å styrke følgjande område om ein skal ha sjans til å utnytte vekstpotensialet dei ser:

1. Skaffe rett kompetanse:

- rekruttere for å auke kapasitet og for å få tilført ny kompetanse ein manglar
- utvikle eigne tilsette gjennom kurs på ulike nivå og ulike tema
- klare å halde på dei ein har i dag ved å tilby desentrale/virtuelle høgare utdanningstilbod på deltid (mistar i dag til Bergen). Slik utdanning må og vere meir spissa mot behovet til bedriftene og å knyte til oss talent i tidleg fase.

2. Utviklingskapasitet

- tid/organisering til å rigge utviklingsprosjekt – alt frå mindre bedriftsinterne prosjekt til større FoU prosjekt
- utvikle og vedlikehalde nettverk med andre bedrifter
- knyte til seg FoU miljø inkl å få på plass ein «nærings PhD»
- kapital (er i dag for lite flinke til å innhente ekstern finansiering)

3. Sørge for at miljøet framstår som attraktivt for

- noverande og framtidas tilsette ved å m.a. tilbod om studentcamp
- andre bedrifter som kan komplementere miljøet og for nye etableringar gjennom gründer camp

Slik situasjonen er i bedriftene i dag klarer ikkje bedriftene å løyse desse utfordringane kvar for seg. Det er derfor naudsynt at fleire bedrifter går saman om å jobbe med dette slik at ein kan hente ut synergiar og dermed oppnå betre resultat enn om ein prøver kvar for seg. I tillegg ønskjer ein å realisere dette i samarbeid med andre bedrifter med tilsvarande utfordringar andre stadar, som kan dra nytte av dei same tilbode som blir drege i gang av FVC. Vidare er det naturleg å samarbeide med kommunar og andre offentlege aktørar i regionen spesielt når det gjeld rekruttering.

#### Initiativtakrar

Følgjande bedrifter står bak initiativet:

##### Normatic AS

- Elektro/automasjon/styring
- Nasjonal marknad
- Lokalisering: Nordfjordeid, Førde, Lillehammer
- Omsetnad: 95 mill
- Tilsette: 50

##### Nordplan AS

- Største ark/ing-selskapet mellom Trondheim og Bergen
- Nasjonal marknad
- Lokalisering: Nordfjordeid, Førde, Ålesund, Våga
- Omsetnad: 54 mill
- Tilsette: 55

##### Moderne Varme AS

- Heilskapleg og fornybart varmekonsept basert på varmepumpe
- Potensiell nasjonal og internasjonal marknad
- Lokalisering: Nordfjordeid
- Omsetnad: 18 mill
- Tilsette: 8

##### Fjordvarme AS

- Spisskompetanse på fornybare løysingar

- Potensiell nasjonal og internasjonal marknad
- Lokalisering: Nordfjordeid
- Omsetnad: 5 mill
- Tilsette: 4

#### Eid Elektro

- Elektroentreprenør
- Teknisk avdeling som har nasjonal marknad
- Lokalisering: Nordfjordeid,, Bergen, Syvde
- Omsetnad: 104 mill
- Tilsette: 74

#### Caverion

- Elektro/automasjon/styring
- Vestlandet/Nord-Norge som marknad
- Lokalisering: Over heile landet
- Omsetnad: 3426 mill (nasjonalt)
- Tilsette: 2450 nasjonalt herav 40 på Nordfjordeid

#### Segel AS

- Forretningsutvikling
- Medverka i fleire internasjonale FoU prosjekt relatert til energieffektive bygg
- Lokalisering: Nordfjordeid, Ålesund, Dehli
- Omsetnad: 8 mill
- Tilsette: 4

#### Henden Elektro

- Elektroentreprenør

- Regionen som marknad
- Lokalisering: Sandane
- Omsetnad: 24 mill
- Tilsette: 15

I forprosjektet har ein i tillegg fått sterk medverknad frå følgjande aktørar:

- Fylkeskommunen
- Helse Førde
- Fagskulen i Sogn og Fjordane
- Høgskulen på Vestlandet
- Eid kommune

Styringsgruppa vore samansatt slik:

- Hans Inge Solhem, Normatic (leiar/prosjektansvarleg)
- Ronny Kjøde, Henden Elektro
- Jarle Melheim, Caverion
- Tore Hjelle, Eid Elektro
- Arne Steinsvik, Nordplan
- Reidar Grønli, Fagskulen i Sogn og Fjordane
- Helge Robert Midtbø, Helse Førde
- Alfred Bjørlo, Eid kommune

Prosjektleiar har vore Trond Haavik i Segel. I tillegg har Olav Hjelle i Stad Vekst, Svein Rotevatn og Ivar Bjarte Nord i Nordplan, Einar Løken i Normatic og Ove Lillestøl og Ove Bjørlo ved Eid vidaregåande skule gjeve viktige bidrag i arbeidet.

#### Formalia om Fjordane Virtuelle Campus

- Namn : Fjordane Virtuelle Campus AS (eller det som blir bestemt)
- Organisasjonsnummer: 982743397. Dette er i dag Nordfjordeid Næringshage AS. Selskapet endrar namn og gjennomfører ein retta emisjon slik at eigarskapen representerer interessene som står bak FVC. I dag er der og aksjonærar som og er involvert i FVC.
- Adresse: 6770 Nordfjordeid
- Sjå elles pkt 10.1 om organiseringi forretningsplanen

## **Prosjektmål**

### Visjon

FVC er ei drivkraft for utvikling av bedrifter og talent i eit leiande nasjonalt teknisk miljø

- Om 3 år er porteføljen på 20 bedrifter og talet på arbeidsplassar auka med 110
- FVC er blitt ein attraktiv node for nasjonale og internasjonale utviklingsmiljø

### Forretningsidé

FVC er ein fasilitator for bedrifter innan elektro, automasjon, IT, enøk, bygg og andre naturleg tilhøyrande teknologiske område til å sikre kompetanse og utviklingskapasitet. Tenesten blir levert både fysisk og virtuelt.

FVC blir lokalisert i nytt bygg på campus-området saman med fleire av bedriftene. På same plass vil det og vere lokalisering av fleire tenestetilbod, som og vil blir gjort tilgjengeleg virtuelt for bedrifter og studentar lokalisert andre stadar.

### Kundeløfte

Som ein attraktiv node skal FVC gi bedriftene lett tilgang på kompetanse, FoU kapasitet og nettverk til andre innovative miljø. FVC skal skreddarsy kompetansetilbod og innovasjonsstøtte med finansiering til bedriftene som er tilknytta. Noden skal gje vekstkraft til bedriftene og samtidig vere «ei rugekasse» for forretningsutvikling.

Vi har sett opp desse måla for FVC dei neste 3 år. Måla er konkrete, ambisiøse og målbare:

	Utgangen av år 1	Utgangen av år 2	Utgangen av år 3
Tal føretak knytt til FVC	8	15	20
Tal tilsette	260	310	360
Studentar på høgare utd.	15	30	45
Kurs, tal gjennomførte	200	300	400
Igangsette innovasjonsprosj.	2	5	8

## **Forankring**

Bedrifter i regionen

Som del av forprosjektet har ein hatt fleire rundar med initiativ-bedriftene for å avklare både det som er felles og motstridande interesser. Løysinga som no blir presentert i forretningsplanen, er det full støtte frå ei samla styringsgruppe. Dette inneber og at Helse Førde, Eid kommune og Fagskulen stiller seg bak dette.

Ein har i tillegg vore i kontakt med fleire verksemder andre stadar som og har same utfordringar og er derfor interessert i samarbeid. Fleire av desse vil bli fulgt opp i oppstartsfasen av FVC. Som døme på dette er det bedrifter frå ulike kommunar som har meldt inn konkrete kandidatar til utdanningstilbodet innan automasjon.

Det er og forankra hos styret i Nordfjordeid Næringshage, Kunnskapsparken og SIVA. Satsinga passar godt inn i høve til Partnarskapsavtalen som vart inngått mellom Kunnskapsparken og næringshagane i fylket.

Måløy Vekst og Stad Vekst har gjeve følgjande innspel:

"Stad Vekst har kartlagd utfordringane til næringslivet i regionen, og erfarer at rekruttering og kompetanseutvikling avgrensar vekstmoglegheitene. I tillegg er det eit stort potensiale i bedriftene til å auke innsatsen på innovasjon og FOU. Dette er viktig både for å kunne henge med i en aukande internasjonal konkurrans, men også for å være attraktive i kampen om den beste kompetansen.

Satsinga med etablering av Fjordane Virtuelle Campus vil vere viktig for å auke attraktiviteten for den yngre generasjonen så vel som for komplementære bedrifter andre stadar. Det er framtidsretta at ein har som mål å nytte det virtuelle rommet til å få tilgang til både høgare utdanningstilbod og FoU miljø. Stad Vekst har og engasjert seg i forprosjektet og ønskjer også å bidra i realiseringa av Fjordane Virtuelle Campus.

Både Fjordane Virtuelle Campus og Måløy Marine Ressurssenter er attraktive næringsklynger med ulik bransjefokus. Felles for begge er at disse bidrar til å profesjonalisere innovasjonsarbeidet i bedriftene, og styrker kompetansen gjennom tilgang til FOU og desentral høgare utdanning. Begge ligg i det same bu-og arbeidsområdet, og kan dermed utfylle kvarandre når det gjeld rekruttering og anna samarbeid.

Stad vekst og Måløy Vekst er næringlivet sine vekstselskap i regionen, og vi støttar fullt opp rundt etablering av både FVC og MMR."

I forprosjektet har ein og hatt god dialog med fleire felles møter med andre klynger i fylket. Dagleg leiar Frank Øvstetun i Sitep AS i Årdal uttrykkjer det slik; "Sitep AS er blitt presentert planane for realisering av Fjordane Virtuelle Campus. Slik vi har forstått det, så vil ein utvikle ein attraktiv node for utvikling av elektro/automasjon og byggfag. Koplinga mellom kompetanse- og innovasjonsutvikling i bedriftene er og svært aktuell for vår eiga klynga. Vi er derfor positive til å samarbeide innan desse områda der det er naturleg. Som døme har vi no eit konkret kartleggingsprosjekt i samarbeid med ei av bedriftene i FVC. Vi ser det som viktig at vi lukkast å få til utvikling på tvers av dei ulike nodane i fylket vårt."

Når det gjeld utdanningssida så byggjer etableringa av FVC på eit nært samarbeid med Eid vidaregåande skule, Fagskulen i Sogn og Fjordane, og Høgskulen på Vestlandet. Alle desse ser at FVC vil bringe dei enda tettare på bedriftene. Dette gjev fordeler begge vegar; betre tilgang på den oppdaterte teknologien som bedriftene nyttar i sine prosjekt, vere tettare på og dermed forstå bedriftene sine kompetansebehov betre. Dette vil gje grunnlag for å kunne ta dette inn i fagplanar i dei ulike utdanningane. I tillegg vil ein kunne utvikle kurs som og kan tilbydast tilsette i bedriftene. Det med tilgang på oppdattert utstyr i utdanningsinstitusjonane er etter kvart blitt ei nasjonal utfordring, som vert forsterka om ikkje vi lukkast med tett samhandling mellom private framoverlente verksemder og utdanningsinstitusjonane. Det gjeld og samhandling mellom utdanningsinstitusjonane, at ein kan nytte felles utstyr og kompetanse i desentrale utdanningstilbod på alle nivå for å serve arbeidslivet og utføre det samfunnsoppdraget desse har for å skaffe oppdattert og relevant kompetanse til samfunna vi betjener. Kort sagt er det i alle si interesse å få til meir saumlause integrasjonar mellom utviklingsarbeidet i bedriftene og i utdanningsinstitusjonane.

Fagskulen ser satsinga til FVC som godt komplementært til det ein no gjer på Campus Førde Verftet. Den interessante forskjellen er at FVC har ei tett kopling til bedriftene og utstyret som ein her skal investere er dermed i høve bedriftene sine behov. Konkret inneber dette at laben vil innehalde minianlegg som er likt det som dei ulike bedriftene nyttar. Elevane og studentane (samt driftsoperatørar blant kundane til bedriftene) vil såleis møte eit grensesnitt som samsvarar i arbeidssituasjonen ute i bedriftene. Ein har unngått å investere i same type (m.a. Festo lab) som i Campus Førde Verftet, der det er tilpassa utdanning, men som og vil vere av nytte for næringslivet.

Opplæringsavdelinga i fylket har og stadfesta at dei stiller seg bak planane.

På fagområde der ein må finne den beste kunnskapen andre stadar, så har ein i forprosjektet og hatt kontakt med andre institusjonar også. NTNU ønskjer og å kunne tilby relevante kurs. Vi har og etablert kontakt med Linnea Universitetet i Växjö i Sverige som har erfaring med spesialtilpassa bachelor program.

Det er og etablert direkte kontakt med nokre andre svært relevante miljø andre stadar i landet som ønskjer samarbeid. Dette gjeld Smart Construction Cluster i Alta og Smartbyklyngen Nordic Edge i Stavanger. Sistnemnde er ei kopling via Fylkeskommunen sitt engasjement i P-Iris der "smart villages" og innovasjonsnett i rurale område er tema.

I forprosjektet er det og etablert kontakt med VTT som er Finlands største FoU institusjon. Segel som er ei av bedriftene bak FVC, har hatt fleire større utviklingsprosjekt i samarbeid med VTT. Dei er interesserte i eit samarbeid med FVC og vurderer satsinga på denne måten; "The concept is unique and very good. It benefits many different interest groups – not only locally but more widely too."

Når det gjeld kommunane i Nordfjord, så er drøfta i Nordfjordrådet, og tilbakemeldingane er at alle kommunane ser positivt på dette prosjektet. Nordfjordrådet gjev difor si fulle støtte til at ein går vidare med arbeidet. Nordfjordrådet ser vidare ein samanheng mellom dette, og fleire av satsingsområda i rådet sin vedtekne strategi- og handlingsplan. Nordfjordrådet medverka elles med kr. 150.000 til forprosjektet.

Planane om Fjordane Virtuelle Campus er elles presentert til både Kunnskapsdepartementet og til Kommunal og Moderniseringsdepartementet.

Statssekretær for høgare utdanning i Kunnskapsdepartementet Rebekka Borsch seier: "Passer veldig godt inn i regjeringens strategi om å knytte

sammen utdanning, forskning og bedrifter, og gi flere mulighet til etter/videreutdanning – uansett hvor folk bor og jobber.»

I arbeidet med den nye Distriktsmeldinga peikar KMD på at modellen ein her tenkjer representerer nye tankar som dei tek med seg i det vidare arbeidet.

### **Prosjektorganisering**

I forprosjektet har ein hatt slik styringsgruppe:

- Hans Inge Solheim, Normatic (prosjektansvarleg)
- Ronny Kjøde, Henden Elektro
- Jarle Melheim, Caverion
- Tore Hjelle, Eid Elektro
- Arne Steinsvik, Nordplan
- Reidar Grønli, Fagskulen i Sogn og Fjordane
- Helge Robert Midtbø, Helse Førde
- Alfred Bjørlo, Eid kommune

Styringsgruppa har vurdert ulike modellar for organisering av FVC. Ein har landa på følgjande modell som og styret i Nordfjordeid Næringshage (NNH) stiller seg bak:

Ein nyttar NNH som selskap i staden for å etablere nytt selskap. NNH har i dag ingen tilsette, men med god økonomi med ein eigenkapital på knappe 0,5 mill.

Selskapet endrar namn til Fjordane Virtuelle Campus (evt det som måtte bli det endelege namnet).

Det blir gjennomført ein retta emisjon mot dei nye interessentane i selskapet: Dette vil både sikre ein eigarstruktur som samsvarar med initiativet bak FVC. Fleire av initiativtakarane er og allereie i dag aksjonærar i NNH.

Meir om eigarsituasjonen er omtalt i forretningsplanen.

FVC skal leige areal i den planlagde fysiske "campusen". Bygget er føresett bygd og eigmeld av eit eigedomsselskap.

## **Samarbeidspartnere**

Viktige samarbeidspartnalar er;

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ved Opplæringsavdelinga, Eid vidaregåande skule og Fagskulen.

Eid kommune

Helse Førde

VTT

Kunnskapsparken

Klynger andre stad i fylket og andre stadar i landet.

## **Aktiviteter**

2. halvår 2019:

Etablering/ Oppstart - rekruttering dagleg leiar

Oppstart i desentral deltidsutdanning innan automasjon og elkraft

Etablering av faste samarbeidsavtalar med ca. 10 bedrifter i regionen

Profileringsarrangement med tema på rekruttering og kompetanseutvikling i samarbeid med relevante aktørar

Oppstart fleire enkeltkurs

Identifisering av unytta finansieringsmoglegheiter for utviklingsprosjekt i bedriftene.

2020:

Rekruttering og kompetanseutviklingsprosjekt

Auke av samarbeidsavtalar med bedrifter i regionen med ytterlegare 10

Utvide med samarbeidsavtalar med bedrifter lokalisert utanfor regionen

Rekruttering av nye typar bedrifter som tilfører komplementær kompetanse

Formaliserte samarbeidsavtalar med andre klynger i og utanfor eige fylke

Rekruttere den andre personen i selskapet «teknisk utviklar» med mål om oppstart medio 2020.

## **Målgrupper**

Elevar i vidaregåande skule

Tilsette i bedriftene

Bedrifter i regionen

I neste fase og bedrifter utanfor regionen

## **Resultat**

FVC etablert som eit nav mellom utdanningsaktørar, innovasjonsmiljø og bedrifter med vekstambisjonar.

Både utdanning og ulike kurstilbod skal vere etablert som desentrale/virtuelle tilbod som kan gjennomførast på deltid.

Ein skal ha fått i gang fleire innovasjonsprosjekt der ein og har medverknad frå FoU aktørar.

## **Effekter**

Auka attraktivitet for tilsette og potensielle nye til å bu og arbeide i knytt til denne klynga.

Klare å utnytte vekspotensialet som bedriftene ser på sine respektive marknader.

Betre samspel med andre aktørar (komplementære) m.o.t. felles bu- og arbeidsområde (arbeid innan det offentlege eller marine næringar på kysten). Dette vil bidra positivt i rekrutteringsarbeidet for alle partar.

Bedriftene skal bli meir strukturerte og profesjonelle i sine innovasjonsprosessar.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Sjå framdriftsplan i forretningsplanen.

**Kostnadsplan**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Klassesett	1 000 000					1 000 000
Kontor, adm, teknisk utstyr	600 000		1 000 000			1 600 000
Labutstyr	200 000	2 100 000	4 500 000			6 800 000
Oppstart av utdanning innan automasjon og elkraft	800 000	1 000 000				1 800 000
Oppstartskostnadae	500 000	500 000	1 000 000			2 000 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>3 100 000</b>	<b>3 600 000</b>	<b>6 500 000</b>			<b>13 200 000</b>

Meir spesifisert i forretningsplanen

**Finansieringsplan**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Privat finansiering	800 000	900 000	1 600 000			3 300 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	2 300 000	2 700 000	4 900 000			9 900 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>3 100 000</b>	<b>3 600 000</b>	<b>6 500 000</b>			<b>13 200 000</b>

Finansieringsandelen vi ønskjer frå Fylkeskommunen er med utgangspunkt i at investeringane i lab og utdanningstilbod vil i stor grad bli nytta som del av utdanningstilboda frå vidaregåande skule og fagskule.

Vi har også lagt inn kostnadane ved å få i gang deltidssstudiet frå fagskulen innan automasjon og elkraft.

**Geografi**

1439-Vågsøy, 1441-Selje, 1443-Eid, 1445-Gloppen, 1449-Stryn

**Vedleggsliste**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
fvc-forretningsplan v 1.1. 2019-04-12).pdf	1 440 335	12.04.2019